



# SELGNGSBESTEMMELSAR – Hidleseglasen 2017

## 1. REGLAR

Regattaen vil vere underlagt reglane slik dei er definert i *Kappseglingsreglane for 2017-2020*. Båtane skal tilfredsstillе ISAF's reglar for kappsegling, Sikkerheits kategori 6.

Regattaen er ein familieseglas der spinnaker/gennaker eller Code 0 ikkje er tillat brukt.

## 2. TIDSPROGRAM FOR SEGLASANE

- |            |                         |                     |
|------------|-------------------------|---------------------|
| 1. Seglas: | Laurdag 30.07 kl. 15.00 | <b>Leirvik Hamn</b> |
| 2. Seglas: | Søndag 31.07. kl. 13.00 | <b>Fjelbergsund</b> |

## 3. PÅMELDING/KLASSAR

Regattaansvarleg er Tor-Inge Miljeteig, Tor-Inge kan kontaktast på mobil 948 03 446.

**3.1.** Regattaen er open for båtar i fylgjande klassar:

- Turklasse (ikkje premiering)
- LYS – større eller lik 0,921
- LYS - under 0,921

Dersom regattaleiinga vurderer klasseinndelinga som urimeleg kan dei foreta endringar i klassane.

Deltaking i LYS klasse forutsett gyldig LYS bevis på [www.seiling.org](http://www.seiling.org) kl. 1800 torsdag 3. august. Båtar utan gyldig LYS bevis på dette tidspunkt blir automatisk flytta til TUR- klasse.

**3.2.** Påmelding skjer via <https://www.sailracesystem.no/regatta?regatta=2794> Det vert ikkje skippermøte så påmelding og levering av mannskapliste eller endring i denne må skje via nettet.

**3.3.** Betaling skjer via Seilmagasinet's påmeldingssystem. Startkontingent for klassane: LYS er kr 200,- og Klasse: Tur er kr 100,-.

## 4. OFFISIELLE BESKJEDER TIL DELTAKARANE

Beskjeder til deltakarane angående seglasane vil bli gjort her:

<https://www.sailracesystem.no/regatta?regatta=2794>

Seinast kl. 13.00 laurdag 5. august for 1. seglas og kl. 11.00 søndag 6 august for 2. seglas.



# SELGNGSBESTEMMELSAR – Hidleseglasen 2017

## 5. ENDRINGAR I SEGLINGSBESTEMMELSANE

Eventuelle endringar i seglingsbestemmelsane vil bli oppslått før kl. 1300 for 1. seglas og gitt munnleg innan kl. 1100 for 2. seglas, same dag dei trer i kraft, bortsett frå at eventuelle forandringar i tidsprogrammet for kappseglasane vil bli oppslått/gitt før kl. 1300 dagen før dei trer i kraft. Alle meldingar vil berre bli lagd ut her:

<https://www.sailracesystem.no/regatta?regatta=2794>

## 6. SIGNALER PÅ LAND

Signaler på land kan bli gitt frå moloen i Leirvik eller frå ein av dei deltakande båtane for 1. seglas og frå startbåt eller ein av dei deltakande båtane ved startområdet for 2. seglas.

**MERK!** Av praktiske årsaker vil startane bli føretatt utan flagg. Eventuell tjuvstart vil bli markert med 2 lange støyt i fløyta, 10 sekund etter start. Ein frir seg frå tjuvstart som vanleg ved å gå tilbake over startlinja.

## 7. KLASSER OG KLASSEFLAGG

Alle klassar segler i Klasse D.



## 8. LØP/START OG MÅLLINJER

Det segles i oppgitt rekkefølge:

**Bane 1.seglas:**

**Leirvik – Fjelberg**

Start: Molo ved Leirvik Hamn (overrettlinje: ytterkant av Storddøra og stake) - Ystøy om babord - Hillekalven om styrbord og mållinje er ved Ljosneset i innløpet til Fjelberg.

Sjå vedlagte skisser for start og mållinje (avvik må påreknas).

**Bane 2. seglas:**

**Fjelberg – Eldøy**

Startlinje er mellom to utlagde bøyar i Fjelbergsundet - Terneskjær om styrbord - Mållinje ved Eldøyane.

Sjå vedlagte skisser for start og mållinje (avvik må påreknas).



# SELGNGSBESTEMMELSAR – Hidleseglasen 2017

## 9. MERKER

Det segles på faste merker.

## 10. STARTEN

**11.1** Kappseglassane startast ved å bruke regel 26. ("5 minuttts regelen")

**11.3** Ein båt som startar seinare enn 20 minuttar etter start vil bli notert som DNS (Starta ikkje). Dette endrar regel A4.1.

## 12. AVKORTNING

Avkorting kan bli gjort på alle merker etter Kappseglingensreglene §32. Mållinje ved avkorting vil være mellom mål takar og nærmaste merke.

## 13. MÅLGANG

Det vert ikkje måltaking ved mål. Første båt i mål tar tida med GPS tid (bruk mobil app eller klokke på kartplottar). Første båt er ansvarleg for neste båt blir tatt i mål, brot på dette kan medføre diskvalifikasjon.

Båt nr 2 i mål overtar oppgåva for å ta båt nr 3 i mål osv. til alle er i mål, dersom det er god tid til å bytte før nr 3 kjem i mål.

Tidene sendes på SMS til 948 03 446 (regatta ansvarleg).

## 14. MAKSIMALTID

Maksimaltiden er 3 ½ time etter start for begge seglassane. Båtar som ikkje har fullført innan maksimaltida reknast for å ha brote løpet og vil bli oppført med DNF i resultatlista. Dette endrar regel 35.

## 15. PROTESTAR

Protestar skal leverast til regattansvarleg umiddelbart etter målgang.

## 16. RESULTAT

TUR-klasse: Det vert ingen resultat berekning i Turklassen.

LYS-klassane: Resultat for enkelt seglassane vert berekna etter formlane for tid på tid.

Resultat samanlagt av Seglas 1 og Seglas 2 for LYS-klassane vert berekna etter lavpoengsystemet beskrive i Kappseglingensreglane 2013-2016. Ved poenglikhet etter dei to seglassane, brukas Kappseglingensreglane 2013-2016, Appendiks A 4 for å kåre ein vinnar.

## 17. SIKKERHETSBESTEMMELSAR

En båt som trekker seg frå seglasen skal underrette regattaansvarleg så snart som mogleg på SMS til 948 03 446 .



# SELGNGSBESTEMMELSAR – Hidleseglasen 2017

## 18. PREMIAR

Det vert delt ut premiar til 1/3 av båtane i LYS-klassane, for samanlagt resultat av Seglas 1 og Seglas 2. Det presiserast at det ikkje vert premiering av enkelt seglasane. Det vert ikkje premiering i TUR-klassen.

Premieutdeling vil vera på den årlege premiefesten.

I tillegg vil Beste Båt Overall 1. seglas få napp i Sindres vandrepokal.

## 19. ANSVAR

Deltakarane i regattaen deltar eine og åleine på eige ansvar. Sjå regel 4, Avgjersle om å kappsegle. Den organiserande myndigheit vil ikkje akseptere noko ansvar for skade på materiell eller person eller dødsfall inntreffe i forbindelse med, før, under eller etter regattaene.

## 20. FORSIKRING

Kvar deltakande båt skal være forsikra med gyldig ansvarsforsikring.

## 21. Praktiske opplysningar

Det er ikkje bekrefta at det er ope på Sjøstova laurdag kveld.


Me må derfor organisere og ta hand om seilkroa sjølv.

Me kan nytta telt, bord, benker og grill oppe på kaien ved butikken og må sjølv ha med mat og drikke for kvelden.



# SEGLINGSBESTEMMELSAR – Hidleseglasen 2017


Skissane er frå 2011, men gjeld også i 2017!





# SEGLINGSBESTEMMELSAR – Hidleseglasen 2017

5






# SEGLINGSBESTEMMELSAR – Hidleseglasen 2017

**START – 2. SEILAS AV HIDLESEILASEN 2016**

**Start mellom to bøyar i sundet**





# SEGLINGSBESTEMMELSER – Hidleseglasen 2017

## MÅL – 2. SEILAS AV HIDLESEILASEN 2016

Lydsignal ved passering av mållinje ved Eldøyane

